

Ramma for drømmekonserten blir auka**28.03.2008**

Det er tydeleg at konserten med Frank Brodahl i neste månad blir lagt merke til både i sentrale musikkkrinsar og andre stader. NMF har no utvida tilskotsramma for drømmekonserten i Rosendal og Uskedalen frå 7.500 til 12.000 kroner.

Marknadskonsulent Birgit Berg-Olsen skriv til korpset at Frank Brodahl er ein ypperleg arrangør og artist som forbundet har hatt mykje samarbeid med.

- Han er stadig å sjå på TV-skjermen i ymse underholdningsprogram og kan trygt profilerast som trekkplaster til konsertane, skriv marknadskonsulenten som ønskjer lukke til med satsinga og førebuingane.

- Det er fantastisk inspirerande at musikkfolk verdset prosjektet så høgt at akkurat vår konsert er den som får utvida økonomisk tilskot, seier Thor Inge Døssland til uskedalen.no.

Han synes også det er kjekt å registrera at mange innan næringslivet verdset dette som eit verdfullt og nyskapande ungdomsprosjekt og stiller med velvillig sponsorstøtte.

Av Ola Matti Mathisen